

Vennelaget for Lensmannsgarden

Årsmelding for 2008

22.oktober 2008

Vennelaget for Lensmannsgarden vart oppretta 16. april 2008 av Dag Skretting, Ove Johnny Lode, Geir Egil Rosland, Dag Varhaug, Jostein Bratland og Kjetil Skrettingland.

På eit møte 30. april 2008 vart eit interrimstyre for Vennelaget etablert: Kjetil Skrettingland (leiar), Solveig Aanestad, Dag Skretting, Oddvar Dubland, Arnstein Skretting, Svein S Varhaug, Anny Hagesæter. Vennelaget tel idag 150 medlemmer.

Vennelaget har i 2008 arbeidd for at Hå kommune skulle stå fast ved tidlegare kommunestyrevedtak av 21. april 2005 om å ta vare på løa på Lensmannsgarden. I kommunestyrevedtak av 8. mai 2008 vart det slått fast at løa skal takast vare på. Kommunestyret ynskjer at løa, tunet og huset på Lensmannsgarden skal verta ein kulturell møteplass. Vedtaket seier at det er spesielt viktig å leggja til rette for barn og unge.

Kommunestyret takka ja til tilbodet frå Vennelaget om å fullføra det utvendige reparasjonsarbeidet på dugnad sommaren 2008. Dugnadsarbeidet vart fullført som planlagt. Omlag 700 timar dugnadsarbeid vart utført fram til 26. august.

Vennelaget vart av kommunen invitert til å utarbeida forslag til plan for vidareutvikling av Lensmannsgarden, og i denne omgang er det med hovudvekt på løa. Denne utfordringa har Vennelaget teke med glede. Motivasjonen bak Vennelaget sitt forslag til vidareutvikling av løa på Lenmannsgarden er ein visjon om å kunne bidra til at Lensmannsgarden, i tråd med kommunestyrevedtaket, skal verta ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar.

Arbeidet med forslaget er utført med bruk av to komitear, ein bruk-komitè og ein bygg-komitè. Bruk-komitèen har vore Anny Hagesæter (leiar), Trond Gjermund Haugen, Solveig Aanestad, Ove Johnny Lode og Arnstein Skretting. Bygg-komitèen har vore Svein S Varhaug (leiar), Jon Harald Håland og Dag Skretting.

Eit gjennomarbeidd og detaljert forslag vart utarbeidd og levert til Hå kommune innan avtala tid 26. august. Forslaget er laga i tråd med det som, etter kommunestyrevedtaket av 8. mai 2008, er kommunen sitt ynskje for Lensmannsgarden.

Vennelaget tilbyr Hå kommune å ta på seg oppgåva med å utføra rehabiliteringsarbeidet som vert føreslått (inkludert byggjeleing) i løpet av 2009 innafor eit budsjett på 2,87 mill kr eks mva. Vennelaget vil, innafor dette budsjettet, gjera praktiske justeringar i val av løysingar ved gjennomføringa av rehabiliteringsarbeidet. Delar av arbeidet vil verta gjort på dugnad.

Vennelaget har arrangert to synfaringar på løa, 29. april og 27. september. Omlag 50 personar og 35 personar møtte fram på dei to synfaringane. Dette har vore nyttige tiltak.

Vennelaget har arbeidd for at det skal samlast historie om Lensmannsgarden, og medverka til at Eirik J Varhaug og Tobias Skretting publiserer ein artikkel om Lensmannsgarden i "Årbok for Jærmusèet 2008".

Me er glade for alle som er medlemmer i Vennelaget, og vil understreka at å vera medlem ikkje treng å bety at ein må gå på dugnadsarbeid på Lensmannsgarden. I arbeidet som er gjort

i 2008, og i arbeidet me planlegg å gjera i 2009, har me ikkje rekna med at alle deltek med dugnadsarbeid. Det me likevel opplever er at dugnadsarbeidet har stor verdi, også utover sjølve arbeidet som vert gjort. Det at folk frå ulike miljø møtes i ei felles oppgåve styrkjer engasjement og samhald og skaper kontakt utover eigen nære omgangskrets.

Vennelaget har oppretta ei heimeside på internett; www.lensmannsgarden.net. På heimesida vert vedtekter, informasjon i førekant av årsmøte, årsmøtereferat og anna relevant informasjon lagt ut. Vennelaget sitt forslag til vidareutvikling av Lensmannsgarden ligg på heimesida.

For Interrimstyret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland